



# Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Fylkesmannen i Rogaland  
Postboks 59 Sentrum

4001 STAVANGER

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/243-1 20/2422  
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:  
19.02.2020

## INFORMASJON OG TILTAK FOR VILLREINEN I EI VANSKELEG TID

Det blir rapportert om ekstremt isete beiteforhold i høgfjellet i Setesdal Ryfylke og Setesdal Austhei villreinområde. Villreinen finn ikkje mat der dei pleier og bruker andre deler av fjellet enn dei normalt gjer om vinteren. Fleire stader er det observert dyr i lågareliggende terreng. Om dei vert jaga eller på andre måtar forstyrta, vil dei bruke verdifull energi på flukt. Vinter og vår er generelt ei sårbar tid for villreinen.

På grunn av den ekstraordinære situasjonen har fleire innført tiltak, blant anna:

- Tokke, Bykle, Valle, Sirdal og Suldal kommune har innført ekstraordinær bandtvang ([døme frå Suldal](#))
- Det blir informert om situasjonen på ulike nettsider ([døme frå Sirdal](#))
- Bykle og Sirdal kommunar har ein stengd skiløyper
- Suldal kommune har utsett snøbrøyting av veg til Mosskar
- Stavanger turistforening har utsett kvisting av vinterløyper og har stengd fleire hytter for booking
- Fuglehundprøvar og treningar avlyses
- Statskog har stengd fleire hytter for utleige inntil vidare

Me vil oppfordra kommunar og andre aktørar i villreinområda om å vurdere nye tiltak for villreinen. Døma ovanfor er gode tiltak.

Vennleg helsing

Knut Hagen  
leiar

Jarle Lunde  
sekretær

---

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.  
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)  
E-post: [jarle.lunde@suldal.kommune.no](mailto:jarle.lunde@suldal.kommune.no).  
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



